



Nærøyfjorden verneområdestyre
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Dato: 10.05.2021
Vår ref.: 20/03459-19

Justert søknad om å få tilrettelegge eit utsiktspunkt til Sivlesfossen

Voss herad viser til tidlegare søknad, datert 8 okt. 2020, om løyve til å bygge eit utsiktspunkt til Sivlesfossen. Søknaden vart seinare trekt då det i saksutgreiinga til verneområdestyret vart etterlyst nærare vurderingar om kva verknader eit slikt utsiktspunkt ville kunne få for naturmiljø, landskap og kulturmiljø/ kulturminne i området. Det vart og stilt spørsmål om vegvesentet vill gje løyve til å bruka Stalheimskleiva som tilkomstveg ved bygging av utsiktspunktet og det vart etterlyst ei vurdering av framtidig infrastruktur i området. I denne nye søknaden vil vi svare nærare på dei problemstillingane som er reist.

Voss herad har i løpet av 2018 og 2019 tilrettelagt ein gangveg frå boten av Stalheimskleiva opp til eit planlagt utsiktspunkt til Sivlesfossen. Dette prosjektet er m.a. tidlegare handsama i verneområdestyret (der løyve til gangvegen vart gjeve i brev av 04.12.2015). Opprinneleg planla Voss herad å bygge ein parkeringsplass langs med vegen i Stalheimskleiva (i tredje svingen under utsiktspunktet). Dette ville gje ein enklare og langt kortare tilkomstveg til utsiktspunktet. Denne tilkomsten kunne også ev. og få ei universell utforming. Pga omsynet til Stalheimskleiva som kulturminne frårådde riksantikvaren/ vegvesenet dette etter ei lengre sakshandsaming. Voss herad tok dette til følge og planla derfor parkeringsplassen i boten av kleiva og tilrettela gangveg herifrå og opp til det planlagte utsiktspunktet. Pga bratt terreng og stor høgdeforskjell ville det både utifrå landskapstilpassing og økonomi vera ufosvarelg å gje denne tilkomsten ei universell utforming. Voss herad har imidlertid tidlegare tilrettelagt ein universell gangveg med utsiktspunkt til Stalheimsfossen. Dette er eit fint alternativ til dei som ikkje kan få oppleve Sivlesfossen på nært hald.

Vurdering av tiltaket sin innverknad på verdsarven, natur- og kulturmiljø

Tilhøvet til verdsarvområdet sin OUV

Vestnorsk fjordlandskap vart innskreve som eit *naturområde* i 2005;

På grunnlag av naturkriteria (i) og (iii) skriv Verdsarvkomiteen Vestnorsk fjordlandskap – Geirangerfjorden og Nærøyfjorden i Noreg, inn på Verdsarvlista:

Kriterie (i): Vestnorsk fjordlandskap er klassiske, framifrå velutvikla fjordar, og vert rekna for å vere typelokalitet for fjordlandskapa i verda. Storleiken og kvaliteten på desse fjordane kan samanliknast med andre fjordar på Verdsarvlista, og dei utmerker seg med sine klimatiske og geologiske tilhøve. Området syner alle element av landformer knytt til dei indre delane av to av dei lengste og djupaste fjordane i verda.



Kriterie (III): Nærøyfjord- og Geirangerfjordområda vert rekna mellom dei framifrå vakraste fjordlandskapa på kloden. Deira unike naturvenleik kjem av dei tronge dalgangane med bratte krystallinske bergsider som strekkjer seg frå 500 m under vassflata til 1400 meters høgde over Norskehavet. Eit utal fossar kastar seg utfor dei stupbratte fjellveggane, medan talrike frie elvar renn frå takkete fjell, brear og bresjøar, gjennom lauv- og barskog, og ned til fjorden. Eit stort mangfald av andre naturfenomen på land og i vatn med m.a. undersjøiske morenar og sjøpattedyr, forsterkar naturopplevinga. Restar av eldre, no for det meste nedlagde gardsbruk og stølar, tilfører det dramatiske naturlandskapet ein kulturell dimensjon som utfyller og aukar den samla verdien av området.

I høve til kriterie (i) kan ein ikkje sjå at det planlagde tiltaket vil ha nokon påverknad.

I høve til kriterie (III) vil ei tilrettelegging som planlagt gje mulegheit for ei betre og tryggare oppleving av eit av dei mange fossefalla i verdsarvområdet. Tiltaket er planlagt i eit frå før tilrettelagt turistområde som i forvaltningsplan og besøksstrategi for området er utpeika som eit område for vidare tilrettelegging. Utanom Stalheimskleiva er det ikkje påvist spesielle kulturkvalitetar der tiltaket er planlagt (jf. brev frå Vestland Fylkeskommune, vedlagt). Stalheimskleiva som veganlegg vil ikkje bli skada eller berørt av tiltaket.

Fossesprøytsona

Tiltaket er planlagt plassert i eit område som i forvaltningsplan og seinare i besøksstrategi for verneområdet er utpeika som eit område som kan tilretteleggjast for oppleving/reiseliv. Det er ikkje kjent eller påvist spesielle natur- eller kulturkvalitetar det utsiktspunktet skal byggjast. Ei større fossesprøytsone er imidlertid påvist i fosserommet og bergsida like under det planlagte utsiktspunktet. Det er ikkje påvist sjeldne eller raudlista artar i denne fossesprøytsona, og utsiktspunktet vil kun berøre ein heilt marginal del av denne sona. Det er ingen grunn til å anta at sjølve utsiktspunktet eller bygginga av utsiktspunktet vil medføre skade på fossesprøytsona. Dette med ev. unnatak av vegetasjonen i det svært avgrensa byggeområdet. Dette er eit så lite areal i høve til størrelsen på fossesprøytsona at tiltaket ikkje vil kunne få vesentleg påverknad. Bruken av utsiktspunktet vil heller ikkje medføre skade på floraen i fossesprøytsona. Det derfor ingen grunn til å tru at bygging av utsiktspunktet skulle kunne få noko negativ påverknad på fossesprøytsona og det naturmangfaldet som er knytta til denne sona (sakshandsamar er biolog, hovudfag i terrerstrisk økologi).

Landskapstilpassning

Det planlagte utsiktspunktet vil ein kun kunne sjå frå gangvegen og i sjølve nærområdet det skal ligge i tillegg til eit parti nede på E-16 (mellom vegbrua og inngangen til vegtunnellen). Her er avstanden stor og utsiktspunktet vil knapt vera synleg. Det er vedlagt **nye teikningar** som viser korleis utsiktspunktet vil sjå ut. Det er brukt anerkjente landskapsarkitektar til å utforma utsiktspunktet. Dei har i tråd med oppdragbeskrivelse lagt stor vekt på å få ei god tilpassing, utan større terrenginngrep. Utsiktspunktet vil liggja lågt i terrenget og få ei utforming for å få ei god tilpassning til landskapet. Fargen på utsiktspunktet er no endra frå brun til **gråsvart** for at det ytterlegare skal kunne gli fint inn i landskapet. Nede frå E16 vil ein derfor knapt kunne sjå utsiktspunktet (jf. vedlagt skisse).

Trafikkavvikling

Bygging av eit utsiktspunkt som planlagt vil høgst sannsynleg medføre auka besøk i området.

Tilkomsten er planlagt frå parkeringsplassen i boten av kleiva og opp den alt tilrettelagde gangvegen.



Det vil vera naturleg å vurdera tilrettelegging av toalett ved parkeringsplassen dersom trafikkmengda seinare skulle tilseie dette.

Tidlegare år har det vore ein omfattande trafikk av gåande i kleiva og på ulike stiar fram til ulike «utsiktspunkt» til Sivlesfossen. Desse stiane er no lagt igjen og dei gåande blir leia inn på gangvegen frå parkeringsplassen og opp til utsiktspunkta. Bygging av gangvegen er derfor eit godt tiltak for å få adskilt gåande og biltrafikk i kleiva, samtidig som det og vil føra til mindre slitasje på vegetasjonen der dei gamle stiane blir stengd av.

Tilkomstveg for bygging av utsiktspunktet

Ein vil nytta Stalheimskleiva som tilkomst frå toppen for å frakte delene til utsiktspunktet ned for montering på plassen (jf. brev frå vegvesenet, vedlagt). Tilkomsten i terrenget er vist på vedlagt kart. Her er det i samband med avvirking av granskogen i området (hausten 2020) laga ein trase som kan nyttast i samband med arbeidet med å bygge utsiktspunktet. Terrenget her er i relativt flatt så det er ev. kun mindre og reversible tiltak som skal til for å få ein teneleg tilkomst. Ev. sårskader i terrenget etter anleggsarbeidet vil bli lukka/tilbakeført når anleggsarbeidet er ferdig.

Kulturminne

Der tilkomstvegen er planlagt er det heller ingen vegmurar slik at Stalheimskleiva som kulturminne ikkje vil bli berørt/skada. Det er heller ikkje påvist spesielle kulturminne i eller nær denne tilkomsttraseen som alt er etablert i området, jf. ny synfaring frå Fylkeskonservatoren i Vestland (vedlegg). Det er ikkje planlagt bruk av helikopter ved bygging av utsiktspunktet.



Kart som viser tilkomsttrase (raud strek) og område det utsiktspunktet er planlagt (blå sirkel).

Oppsummering

Voss herad kan ikkje sjå at ei tilrettelegging av eit utsiktspunkt som omsøkt vil skade verdiane som ligg til grunn for verdsarvstatusen. Utsiktspunktet vil få ei god tilpassing i terrenget og vil ikkje kome i konflikt med natur- eller kulturkvalitetar i området. Tilrettelegging av eit slikt utsiktspunkt vil derimot kunne bidra til å vidareutvikle Stalheimskleiva som ein turistattraksjon og medverke til at dei høge



Voss herad

natur- og kulturkvalitetane i området kan opplevast på ein trygg og god måte. Voss herad ber derfor om verneområdetstyret om løyve til å kunne bygge utsiktspunktet slik det framgår av søknaden.

Voss 10 mai 2021

Hans Erik Ringkjøb
ordførar Voss herad

Gunnar Bergo
sakshandsamar

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur

Vedlegg:

Kulturminnefagleg fråsegn utsiktspunkt Sivlesfossen

Utsiktspunkt Sivlefossen - illustrasjoner (00000002)

Befaring vegvesenet mai 2021



Statens vegvesen

VOSS HERAD
Postboks 145
5701 VOSS

Label_Behandlende enhet: Label_Saksbehandler/L_telefon: L_Vår referanse: L_Deres referanse: L_Vår dato:
Svenn Egil Finden / 95148614 21/93014-1 Gunnar Bergo 09.05.2021

Befaring Stalheimskleiva

Syner til synfaring med Voss herad i Stalheimskleiva 5 mai. 2021. Dei som deltok på synfaringa var Gunnar Bergo frå Voss Herad, Ann Krisitin Engh, Marit Anita Skrede og Svenn Egil Finden frå Statens Vegvesen.

Statens vegvesen er kjend med Voss herad sine planar om å tilrettelegge eit utsiktspunkt til Sivlesfossen. Utsiktspunktet vil i fylgje Voss herad bli laga i fleire deler som vil bli frakta ned Stalheimskleiva med bil og sett saman der utsiktspunktet skal fundamentast på fjellgrunn. Frå vegtraseen i kleiva vil Voss herad nytta ein terrengtrase (som vart brukt ved uttak av gran i fjor haust) for å transportere delene bort til utsiktspunktet. Statens vegvesen vil gje løyve til bruk av vegtraseen i kleiva til denne transporten som vi ser på som nyttetransport. Vegen må ikkje påførast skade ved avkøyringa til terrenget. Transport må planleggast i lag med Statens vegvesen sitt mannskap for å sikre rett plassering av køyretøy for å unngå skade på vegkropp.

Statens vegvesen har pr. i dag ikkje teke endeleg avgjerd om det i framtida vil bli opna opp att for ordinær biltransport i kleiva. Vi har heller ikkje planar om å utarbeida ein heilheitleg plan for Stalheimskleiva og nærområda, men vil i dialog med m.a. Voss herad delta i å utvikla området med sikte på å ivareta veganlegget og dei andre kulturminna, samtidig som ein kan utvikle området for besøk og oppleving.

Når det gjeld evt. tilrettelegging for parkering er det pr. i dag ingen konkrete planar, men dette er eit tema ein vil arbeide vidare med. Parkeringsplassen som til no har vore nytta ved foten av kleiva må m.a. vurderast nærare i høve rasfare. Når den nye tunnelen E16 Sleen – Hylland står klar vil det kunne opna seg ny moglegheiter ved at ein evt. kan ta i bruk deler av den gamle riksvegtraseen til parkering.

Med helsing

Postadresse
Statens vegvesen
506M744438M744617M744652M
Postadresse
Postnummer

Telefon: 02030
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø
Telefon: 78 94 15 50

Svenn Egil Finden

Klikk eller trykk her for å skrive inn tekst.

Tekst for godkjenning settes inn ved ekspedering.

VOSS HERAD
Postboks 145
5701 VOSS

Kulturminnefagleg fråsegn utsiktspunkt Sivlesfossen, Voss herad

Vi viser til dykka e-post av 9. desember 2020 vedrørende anleggstrase/tilkomstveg til planlagt utsiktspunkt ved Sivlefossen.

Tilhøvet til automatisk freda kulturminne

Den 18. desember 2020 vart det gjort ei synfaring på staden der Voss herad tenkjer seg tilkome og utkikkspunkt ved Sivlefossen. Sjølv om tiltaket ligg i verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap må det og gjerast ei vurdering av kulturminneverdiar eldre enn reformasjonen.

Området som vart synfare er eit austvendt platå - hylle i fjellsida opp mot Stalheim hotell. Hylla ligg på vel kote 230. Terrenget hallar slakt mot aust og nedover dalen, ein går nordover og inn i frå vegen. Her er kuppert lyng og granskog. Granskogen var mykje uthoggen og fjerna. Det vart ikkje gjort observasjonar av automatisk freda kulturminne i området. I frå nyare tid vart det observert eit tørrmura anlegg - truleg stolpefeste, dette låg tett ut mot kanten av berghylla.

Tilhøvet til nyare tids kulturminne

Det planlagde utsiktspunktet som tilkomstvegen skal føre til ligg innanfor grensene av verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap - delområde Nærøyfjorden, det same området går òg inn i eitt av dei føreslegne KULA-områda for tidlegare Sogn og Fjordane fylke. Det føreslegne KULA-området omfattar heile verdsarvområdet samt nokon utvidingar, mellom anna eit område ved Stalheim. I tillegg er området verna i medhald av naturmangfaldlova.

Vestland fylkeskommune har i brev av 16. november 2020 til Verneområdeforvaltar uttalt oss om utsiktspunktet og tilhøvet til dei kulturhistoriske verdiane i området, sjå vedlegg. Vi la her vekt på at området utgjer eit heilskapleg kulturmiljø med svært få moderne inngrep og at ein ved etablering av eit utsiktspunkt i dette miljøet må ta omsyn til kulturmiljøet. I det tilsendte materialet frå verneområdeforvaltar i samband med uttalen til Vernområdestyret og i dykka e-post av 9. desember 2020, er ikkje tilhøva til kulturminna i området og verdsarven omtala. Dette må utgreiast betre og ein må her legge vekt på korleis tiltaket kan tilpassast kulturminna på ein god måte. I brev til verneområdestyret viste vi til fyljande tema som vi meiner må utgreiast i dette prosjektet:

- Tilhøvet til verdsarvområdet sin OUV. Her må ein vurdere om tiltaket er av ein slik storleiksorden at dette bør gjennomførast som ein KUVA (Konsekvens Utredning for VerdsArv), www.riksantikvaren.no/wp-content/uploads/2020/02/ICOMOS-KU-norsk-042018.pdf og www.riksantikvaren.no/wp-content/uploads/2020/02/IUCNs-KU-veiledningsnotat-norsk-utgave.pdf
- Tilhøvet til området i Stalheimskleiva som kulturmiljø.
- Tilhøvet til Stalheimskleiva som freda kulturminne.
- Tilhøvet til krav om tilgjengelegheit og behov for funksjonar som toalett og parkering.
- Det bør også utgreiast om det er mogleg å legge tilrettelegge for utsiktspunkt utan å gjere store inngrep i kulturlandskapet. Her kan ein sjå på moglegheita for å utvikle området som ein attraksjon på bakgrunn av naturen og kulturminna som er der i dag, og dei verdiane som desse representerer.

Stalheimskleiva

Stalheimskleiva blei 21.12. 2009 freda etter kulturminnelova §22a, og inngår i Nasjonal verneplan for veger, bruer og vegrelaterte kulturminne som objekt nr. 165 - Askeladden Id: 128944-1.

Formålet med fredinga er å bevare ein opphavleg del av Bergenske hovudveg/Christiania postveg som ein av dei første køyrevegane som var tilpassa eit bratt terreng. Vidare er òg formålet å bevare linjeføringa og karakteren til vegen som ein av dei første vegane bygd etter eit tidleg chaussé vegbyggingsprinsipp, der vegen er lagt på høge murar i slynger tilpassa terrenget for å unngå meir enn 20% stiging. Fredinga omfattar vegen si linjeføring og vegprofil med skråningsutslag. I vegprofilet inngår over- og underbygging med vegbreidde, vegmurar, rekkverk, grøfter og stikkrenner.

Eventuelle endringar som etablering av eit utkikspunkt og tilkomsten til det, vil krevje dispensasjon frå fredinga og tiltaka kan ikkje vere i strid med formålet til fredinga.

Vestland fylkeskommune ser på Stalheimskleiva og Sivlefossen som eit verdifullt og spanande kulturmiljø som har eit stort utviklingspotensiale i eit verdiskapingsperspektiv. I eit slikt perspektiv er det etter vår vurdering viktig at ein tenkjer utvikling på kulturminna og naturen sine premisser. Vi ser også at det er eit område der det er fleire forvaltningsorgan som har ansvar for ulike fagområde og det vil vere viktig at desse vert samkøyrte. Vi vil i den samanheng råde dykk til i det vidare arbeidet med utsiktspunkt ved Sivlefossen, til å ha eit felles møte med dei ulike forvaltningsorgana, Statsforvaltaren i Vestland, verneområdeforvaltar, Statens vegvesen og fylkeskommune, for å sjå på kva moglegheiter det er for å utvikle området i Stalheimskleiva samstundes som ein tek omsyn til kultur- og naturverdiane i området.

Med helsing

Karoline Hareide Breivik
fagleiar

Jostein Aksdal
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 Utsiktspunkt til Sivlefossen


UTSIKTSPUNKT SIVLEFOSSEN

- ILLUSTRASJONER




ILLUSTRASJON:

Utsiktspunktet i landskapsrommet
(utsnitt fra modell)




ILLUSTRASJON:

Utsnitt 1, sett fra øyehøyde ca 1,70m
(utsnitt fra modell)




ILLUSTRASJON:

Utsnitt 2, sett fra øyehøyde ca 1,70m
(utsnitt fra modell)






ILLUSTRASJON:
Utsnitt 1
(illustrasjon fra foto)





ILLUSTRASJON:
Inzoomet utsnitt
(illustrasjon fra foto)



ILLUSTRASJON:

Utsiktspunktet i fosserommet
(Illustrasjon fra konkurransen)

